

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 23.01.2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Etablering av protonterapi i Helse Bergen HF**

ARKIVSAK: 2012/610
STYRESAK: **003/18**

STYREMØTE: **08.02. 2018**

Administrerende direktør si orientering pkt. 5

Bakgrunn:

Arbeidet med å planlegge for etablering av protonterapi i Noreg starta i 2012. Helse Vest leia det nasjonale prosjektet med utarbeiding av idefaserapport som ble levert Helse- og omsorgsdepartementet desember 2014.

Oppdraget om å gjennomføre konseptfasen blei gitt Sjukehusbygg HF, og sluttrapport for konseptfasen inkludert følgjevaluering (KSK) blei ferdigstilt 16. juni 2016 .

I føretaksmøtet i dei fire regionale helseføretaka den 10. januar 2017 fikk dei regionale helseføretaka i oppgåve å:

«Utrede to protonsentre i Norge. Utredningen skal planlegge for bygging av ett senter innen 2022, og videre etappevis utbygging, avhengig av kapasitetsbehov og utvikling i behandlingsteknologi. Plasseringen av sentrene blir eventuelt i Oslo og Bergen. Det bes om en anbefaling av valgt alternativ innen 15. oktober 2017.»

Vidareføring av oppdrag blei gitt til Sjukehusbygg HF, og dei ble bedt om å leie eit nasjonalt prosjekt med følgjande undergrupper:

- Innkjøpsgruppe
- Gruppe som arbeider med fleirregional/nasjonal behandlingsteneste
- Gruppe som arbeider med kliniske studiar

Det blei bedt om ein første delleveranse i oktober 2017 som omhandla:

- Val av prosedyre for anskaffing for å gjennomføre anskaffing av utstyr, inklusiv realistisk tidsplan for sjølve prosessen med milepælar og kritiske beslutningspunkt
- Vurdering om det har tilkome vesentlige endringar i føresetnadane som påverkar kapasitets- og kostnadsestimater (kapasitetsvurderingar frå andre land, betre kjennskap til tomter, råvaremarknad, teknologiutvikling etc.) for etablering av protonterapisentre angitt i konseptfaserapporten

Dette blei levert styringsgruppa innan fastsatt frist.

Organisering av vidare prosess

I revidert statsbudsjett gjorde regjeringa framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2017 som sikrar etablering av protonbehandling både i Oslo og Bergen. Tilbodet skal komme hele landet til gode.

«I regjeringens forslag (Prop. 21 S) legges det opp til at sentrene kan stå ferdig i 2023 og 2025 i henholdsvis Oslo og Bergen. Budsjettforliket for 2018 mellom regjeringspartiene, Venstre og KrF åpner for en mulig forskuttering av senteret i Bergen.»

I Prop. 21 S, Kap. 732, post 81 Protonsenter står følgjande:

«Det andre senteret skal etableres i Bergen. Helse- og omsorgsdepartementet vil gi Helse Vest RHF i oppdrag å planlegge for at dette senteret kan stå ferdig i 2025. Senterets kapasitet og størrelse tilpasses behov og utviklingen i behandlingsteknologi. Behandling av låneramme og konsept tas når Helse Vest RHF har styrebehandlet saken.»

I føretaksprotokoll av 16.januar 2018 står følgjande om senteret som skal etablerast ved Helse Bergen HF:

«Når det gjelder senteret i Bergen vil statens utbetalinger skje etter en planlagt framdrift der senteret står ferdig i 2025. Helse Vest gis ev. mulighet til å forskuttere investeringen etter at låneramme og konsept er behandlet. Stortinget har bedt regjeringen komme tilbake til Stortinget med sak der muligheten for en forskuttering av senteret i Bergen drøftes, innen statsbudsjettet for 2019 legges fram.

Senteret i Bergen skal planlegges dimensjonert med totalt to bunkere, hvor det bygges ett behandlingsrom for klinisk bruk og ett forskningsrom, som ved behov kan omgjøres til klinisk bruk. Foretaksmøtet ba Helse Vest RHF om å behandle plan for videreføring av prosjektet på bakgrunn av de rammebetingelsene som er fastlagt, herunder om det er ønske om å forskuttere investeringen. Foretaksmøtet forutsatte at videre framdrift i prosjektet håndteres innenfor helseforetakets økonomi og ansvarsposisjon.

Foretaksrådet ba om at Helse Vest melder tilbake innen 15. mars 2018 om de ønsker å forskuttere prosjektet, og ev. hvilken tidsplan det da legges opp til. Forslag om forskuttering forutsetter at også låneramme og konsept er styrebehandlet.»

Med tilvising til foretaksprotokollen er det nødvendig å avklare korleis vidare prosess skal organiseras på ein føremålstenleg måte. Organisering av prosjektet må ivareta det regionale perspektivet, samtidig som det må sikre den nasjonale overbygningen.

Det er Helse Vest/Helse Bergen som skal stå som ansvarleg utbygger og som må ta ansvar for investerings- og driftskostnadene. I forprosjektfasen må derfor Helse Bergen stå som byggherre, og vanlege prosedyrar for større investeringsprosjekt må følgjast. Dvs. at styret i Helse Bergen og styret i Helse Vest må godkjenne prosjektet.

Det betyr at:

- Helse Bergen må stå som byggherre og gi lokale føringar og tilpassingar som er nødvendig for gjennomføring av prosjektet.
- Helse Vest og Helse Bergen må stå som beslutningstakar for prosesser rundt innkjøp av utstyr for eige senter. Dette skal samordnast med den nasjonale innkjøpsprosessen. Det er svært viktig at det for ei utstyrsanskaffing som skal gjennomførast av det nasjonale prosjektet, må det sikrast god koordinering mot det lokale byggjeprosjektet. Sjukehusbygg HF må derfor bli gitt ein sentral posisjon/rolle i prosjektorganisasjonen.

Helse Vest RHF er i utgangspunktet positive til forskuttering av prosjektet i Helse Bergen. Dette må i utgangspunktet finne sin løysing innafor Helse Bergen HF sine rammer og vil bli nærare handsama i endeleg styresak.

Det vil framleis vere viktig med ei nasjonal overbygning knytt til kompetanseutvikling, utvikling av behandlingsprotokoller og forskning. For å ivareta dette bør gruppene for kliniske studiar og for fleirregional/nasjonal behandlingsteneste vidareføre sitt arbeid i tett kontakt med prosjektorganisasjonane ved høvesvis Oslo universitetssjukehus og Helse Bergen. Det er viktig at alle regionene er ein del av den nasjonale overbygningen og da fortrinnsvis representert ved dei fire regionsjukehusa. I tillegg bør det søkast samordning i den vidare planlegginga/prosjekteringa på alle dei område der prosjektet ved Oslo universitetssjukehus og Helse Bergen identifiserer gevinstar ved samordning.


Organisering av vidare prosess er tenkt etablert som eit eige program i programstrukturen i Helse Bergen HF. Strategisk prosjekt- og programstyring (SPPS) er program og prosjekt som følgjes særskilt opp av foretaksleiinga, og er eigd av administrerande direktør.

Program for etablering av protonterapi ved Helse Bergen HF vil ha følgjande prosjekter i sin portefølje:

- Byggeprosjektet
- Organisasjonsprosjekt
- Forsking, utvikling og kompetanse

Program for protonterapi må også ha tett kopling mot Helse Vest, Universitet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Bergens Forskningsstiftelse.

Sjukehusbygg HF skal ha ein sentral rolle i programmet, og det vil bli lagt opp til at Sjukehusbygg HF kan ta rollen som prosjektleder etter modell mellom anna nytta for prosjektet SUS2023. I tillegg er det ønskeleg at Sjukehusbygg HF deltek i programstyret. Bruk av Sjukehusbygg i prosjektet er drøfta med Helse Sør-Aust RHF/Oslo universitetssjukehus HF, og det blir lagt opp til tilsvarende løysingar for dei to prosjekta. I tillegg vil det bli avklart korleis grensesnittet mot det nasjonale prosjektet og program for protonterapi ved Haukeland universitetssjukehus blir definert med omsyn til gjennomføring, ansvar og myndigheit.



Vidare oppfølging

Det vil bli lagt fram sak for styret i Helse Bergen i februar og styret i Helse Vest i mars 2018 der bestillinga frå føretaksmøtet 16. januar blir svart ut.